



KVINNHHERAD  
K O M M U N E

Ordførar

Kommunestyret

|                         |                     |                   |             |                   |
|-------------------------|---------------------|-------------------|-------------|-------------------|
| Saksbehandlar           | Tlf. direkte innval | Vår ref.          | Dykkar ref. | Dato              |
| <b>Vegard Bjørnevik</b> |                     | <b>2026/21-19</b> |             | <b>20.04.2026</b> |

## Svar på spørsmål - Kommunestyremøte 19.03.2026

### **Øyvind Hardeland, Ap**

I forbindelse med nytt vegprosjekt Poll til Poll blir den eksisterande vegstrekking Austrepollen - Nordrepollen avvikla , når dette vegprosjektet er fullført. Utifrå den realiteten har eg følgjande spørsmål. Har ordføraren nokre planar for å sikra at denne strekking vart tilbakeført med eigedomsrettar /bruksrettar slik at den kan nyttast og vera eit aktiva for tidlegare eigarar og bygdene i detta område ?

### Ordførar svarar i møtet:

Ordføraren har forstått at planforslaget frå Vestland fylkeskommune legg opp til at eksisterande veg skal tilbakeførast til føremålet landbruk, natur og friluftsliv etter at ny veg er bygd. Fylkeskommunen har i prosessen så langt vore tydelege på at vegen bør førast tilbake til natur og ikkje driftast på nokon måte. Kommunen har meldt tilbake at vi ikkje ønskjer å drifte vegen.

Ordføraren har fått nokre førebelse vurderingar frå administrasjonen knytt til spørsmålet som her er reist. Det er rasfare i området og vegen bør difor ikkje verte open for ålmenta. Den bør heller ikkje regulerast som offentlig turveg av same grunn. Eit alternativ kan vere å vurdere å regulere vegen til privat skogsveg , og ein bør då legge til grunn at vegen vert låst med bom i begge endar. Det er likevel vanskeleg å styre bruken, og det er også vanskeleg å seie noko om når det ikkje er rasfare.

Planforslaget har vore til høyring og fristen for uttale gjekk ut 12. mars. Det har kome mange merknadar, og desse er sendt fylkeskommunen til vurdering. Kommunen skal ha oppfølgjande møte med fylkeskommunen om plansaka, og ordførar vil be administrasjonen ta med spørsmålet frå representanten til vurdering i dette møtet og i eventuell annan kontakt med fylkeskommunen. I dette ligg det ei oppmoding frå kommunen om at fylkeskommunen greier ut spørsmålet, og at dei rådfører seg med NVE eller andre relevante instansar.

### **Per Svindland, INP**

Kan ordføreren gå igjennom status på kommune styre vedtak som er utført, og kommunestyre vedtak som ikke er gjennomført?

#### Kommunedirektør svarar i møtet:

Representanten Per Svindland ynskjer eit oversyn som viser utførte og ikkje-utførte kommunestyrevedtak.

Når eit vedtak er gjort har kommunedirektøren eit ansvar for å sjå til at vedtaket blir iverksett utan ugrunna opphald, der ein hensyntar saklege grunnar for iverksettingstida.

Det blir i dag rapportert kvartalsvis i Framsikt på verbalpunkt og plansaker. Årsaka til at det ikkje blir rapportert på dei enkelte kommunestyrevedtaka på same måte er at desse vedtaka då fysisk må leggjast inn i Framsiktmodulen etter kvart politiske møte, der det blir lagt inn ansvarshavande for kvar enkelt vedtak som då skal ivareta rapportering. Rapportering vil då følgja praksisen for verbalpunkta og plansakene, der det blir rapportert på med ulik status som t.d. «*i henhold til plan, forsinka, utsett, utført osv*» kvartalsvis.

Det er kommunedirektør sitt ansvar at kommunestyrevedtak blir følgt opp, og kommunedirektør vil på førespurnad svara på status om konkrete saker. Ei slik rapportering til politisk nivå som blir etterspurt her kan gjennomførast, men då som ei manuell føring pr. vedtak fordi det ikkje finst integrasjonar mellom system som ivaretek slik oppfølging. Kommunedirektør legg til grunna at ei slik «bestilling» må koma frå ordførar, og det har ordførar gjort tidlegare. Vi skal få det til frå og med dette kommunestyremøte.

### **Gunnar Helleland, INP**

Kvinnherad INP ønskjer ei oppdatering i «Løesaka» og vil spørja om dei to punkta i kommunestyret sitt vedtak frå 22.05.2025 er følgde opp og ivaretekne?

Byggesak på driftsbygning 129/4 skal følgjast opp ut frå dokumentert søknadsplikt om endringar i berande konstruksjonar. Oppfølginga skal vere i samsvar med plan og bygningslova kapittel 32. Tiltakshaver kan enten reversere tiltaka eller omsøke eit eller fleire tiltak etter plan og bygningslova (PBL) §20-4. I byggesaka skal det gå fram kva eigne vurderingar kommunen har gjort knytt til alle gjennomførte tiltak.

Gjennomførte fasadeendringar på driftsbygning 129/4 er søknadspliktige etter plan og bygningslova §20-1 bokstav C og desse tiltaka må difor enten rettast eller omsøkast, i samsvar med plan og bygningslova kapittel 32.

Vi er vidare informerte om at det i november 2025 kom inn ein delt søknad i byggesaka. Vi ønskjer derfor å spørja kva som har skjedd i saka etter dette?

Vi viser òg til vedlagde skriv frå berørt nabo. Vi kan ikkje sjå at dei forholda som der blir tekne opp er svara ut, og spør difor kvifor dette ikkje er gjort?

#### Kommunedirektør svarar i møtet:

Dette spørsmålet vart også mykje godt reist til sist formannskapsmøte.

Det kan informerast om at kommunen har fått søknadar frå eigaren om fleire tiltak i og på driftsbygningen på eigedom 129/4, Døssland i Uskedalen. Søknadane har kome som resultat av kommunestyrevedtaket og administrasjonen si oppfølging av dette. Søknadane er under behandling. Det er førebels gjort eitt vedtak i saka. Dette vart gjort i går. Det skal gjerast eitt vedtak til i saka, og det er venta å skje om kort tid. I samband med denne byggesaka har det også kome merknadar frå ein nabo og hans advokat, og desse merknadane vert vurdert i den pågåande saksbehandlinga.

Vedtaka vert også sendt til nabo som har merknader. Vedtak kan påklagast av søkar og nabo etter forvaltningslova sine reglar. Dette vert også opplyst om når vedtak vert sendt ut. Klagesaker skal etter det politiske reglementet behandlast politisk, og det vil vera forvaltningsutvalet som er riktig utval for denne saka.

Elles kan det nemnast at etter påske går vi vidare i ulovlegoppfølginga etter kap 32, slik at den saka også kan verte avslutta. I den saka vert alle tiltaka som er påpeika i rapporten gjennomgått og gjort vurdering på. Ein vil så samanlikna det som er omsøkt og evt godkjent, og så vert det vurdert kva eventuelle reaksjonar ein skal ta i samband med dette.

### **Spørsmål frå Inger Elin kom etter fristen, og blir svara ut skriftleg her:**

#### **Inger Elin Nesheim, Krf**

Utdanningsdirektoratet har lyst ut midlar som skal stimulera til meir praktisk, variert og relevant læring i grunnskulen, både inne og ute. Søknadsfristen er 10.april.

Ordninga støttar utstyr og læringsarenaer som fremjar praktiske arbeidsmåtar, lek, aktivitet og tverrfagleg utforsking på 1.–10. trinn. Med bakgrunn i at regjeringa òg peikar på at dei yngste elevane skal få meir lek, aktivitet og praktisk læring i skulekvardagen, spør eg:

1. Kva planar har kommunen for å søkje på denne tilskotsordninga?
2. Dersom Kvinnherad får tildelt midlar: korleis vil kommunen nytta desse til å utvikle meir praktiske læringsformer og leikebaserte læringsarenaer i grunnskulen, inne og ute?
3. Kva gjer kommunen for å styrke praktisk læring og lek som ein integrert del av undervisninga i dei ulike trinna per no?

#### **Svar på spørsmåla er følgjande:**

##### *1. Kva planar har kommunen for å søkje på denne tilskotsordninga?*

Vi har søkt og fått midlar kvart år frå ordninga starta, og skal også søka i år. Rektorane skriv til oss kva dei vil søkje om, så vert søknaden sendt frå sektorkontoret.

- 2024: Vi fekk tildelt 333 500 kr.
- 2025: Vi fekk tildelt 419 938 kr.
- 2026: Søknadsfrist 10. april.

##### *2. Dersom Kvinnherad får tildelt midlar: korleis vil kommunen nytta desse til å utvikle meir praktiske læringsformer og leikebaserte læringsarenaer i grunnskulen, inne og ute?*

Til å styrkje praktisk, variert og relevant opplæring for elevane. Det betyr å kjøpe inn utstyr som gjer det mogleg å jobbe meir konkret, utforskande og aktivt i fleire fag.

Midlane vil gå til noko av det som skulane har søkt om:

- Praktisk matte- og realfagsutstyr, som mikroskop, luper og utstyr til artsbestemming.
- Konkretar og læringsmateriell som lego, geomag, magnetize og tydelege målereiskapar.
- Uteskuleutstyr som tarp, gapahuk, tau, knivar, kasteline og anna som trengst når elevane jobbar ute.
- Utstyr til symjetrening i sjø, som vådrakter, blåser, slepeline og kastetau.
- Utstyr til fiskeaktivitetar, som garn, tau og båtutstyr.

- Kjøkkenutstyr til mat og helse, som knivar, skeier og anna som må fornyast.
- Sløyd- og handarbeidsutstyr, mellom anna ny sirkelsag, keramikkomn og ulikt verktøy.
- Teknologitstyr, som 3D-printer, nye LEGO-sett, robotar, VR-briller, sensorar og lab-utstyr.
- Vedlikehald og oppgradering av sykklar og nødvendig verktøy til dette.
- Nye læringsarenaer ute, som grillhytte, uteamfi og utskifting av gamle leikehytter.
- Utstyr til elevgrupper som treng meir praktisk læring, inkludert verneutstyr, hageredskap, sager, slipemaskiner m.m.
- Utstyr som trengst til vidare drift og utviding av praktiske prosjekt, som vedproduksjon og arbeid ute i naturen.

Midlane vil bidra til at fleire elevar får lære gjennom å gjere, bruke sansar, vere i aktivitet og oppleve meistring i skulekvardagen.

### *3. Kva gjer kommunen for å styrke praktisk læring og leik som ein integrert del av undervisninga i dei ulike trinna per no?*

Alle skulane våre jobbar med variert, praktisk og leikbasert undervisning, dette er forankra i opplæringslova. Arbeidet med Kompetanseløftet støttar skulane ved å gi lærarane kompetanse i utforskande, praktiske og elevaktive arbeidsmåtar, og gjer det enklare for skulane å planleggje og gjennomføre meir variert og praktisk undervisning i tråd med læreplanverket

I vår skal vi starte eit nettverk for lærarar som skal ha 1. trinn og her er leikbasert læring et av tema.

Skular har utegrupper, samarbeider med lokale bedrifter, ei skule deltek i DEKOM med fokus på praktisk og variert undervisning. Fleire er TL-skular, og brukar TL-hefter som støttar leikbasert og praktisk læring.

### **Det vart stilt ytterlegare spørsmål i kommunestyresalen slik:**

#### **Silje Nordtveit Olsen, SV:**

Spørsmål:

Kan ordførar orientera om dialog med skyss om bestillingsbussen?

#### **Svar:**

Kvinnherad hadde møte 26.01.2026 med Skyss med tre tema: Utfordringar i Sunnhordlandsruta, bestillingstransport i Husnes-området og bagasjeutfordringar på lågentrebussane. Skyss vil følge opp kommunen sine spørsmål knytt til utviklinga i bestillingstilbodet og vil invitere kommunen til nytt møte.

#### **Jostein Saghaug, MDG:**

Spørsmål:

Kommunen har ein stor andel kjøretøy som går på fossilt brensel. Ein har og ein investeringsplan for å gå over til utsleppsfrie kjøretøy. Drivstoffprisane har auka betydeleg i det siste.

Med bakgrunn i overforståande, jobbar kommunen aktivt med å forsera investeringar i ein meir miljøvennleg kjøretøyportefølje?

Svar:

Maskin og transport» har ansvar for den kommunale bil- porteføljen som tel 150 bilar. Bilar som ligg utanom er vatn- og avløpsbilar (sjølvkost) og brannbilar.

- Av dei 150 bilane er 21 EL- bilar.
- Årleg budsjettløyving (investering) i økonomiplanen: 4,5 MNOK.
- Ved utskifting av bilar, satsar kommunen mest på innkjøp av nye EL- bilar, og gjerne fleire i same konkurranse, for gunstige innkjøp.
- Men det vert også kjøpt inn ein del brukte fossil- bilar, dette bl.a. for å få avsette midlar til å dekkja behovet.
- Mange bilar, t.d. i heimebaserte tenester, blir veldig mykje køyrde, over 30.000,- km i året, noko som påverkar den ønska utskiftingstakten.

Med helsing  
KVINNHERAD KOMMUNE

Vegard Bjørnevik  
Ordførar

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*

Kopi til:  
Leif Ove Mikkelsen